

## Odda Mållag

### Årsmelding for 2011

Styret valt på årsmøtet 6.mars 2011:

Knut O. Dale, leiar (vald for eitt år)

Roald Aga Haug (ikkje på val)

Harald Jordal (ikkje på val)

Harry Solberg (vald for 2 år)

Gry Folkvord (vald for 2 år)

Solveig Grønlien (vald for 2 år)

Varamedlemar:

1: Håkon Tverdal (vald for eitt år)

2: Ingvild Jøsendal (vald for eitt år)

3: Marit Bleie Mannsåker (vald for eitt år)

Valnemnd: Brita Jordal, Tor Henrik Mannsåker og Jorid Ystanes

Arbeidet i styret: Styret har hatt 8 møte.

#### Medlemstalet:

119

#### Tilskipingar:

Årsmøtet 6.mars 2011:

Marit Eikemo orienterte om Litteraturhuset Bokbadet.

20.11.11: Kulturkveld med presentasjon av Odda i manns minne 2011. Jon Låte deltok. Musikk og songgrupppa Trubadurene.

Møtet om elektrisk kraft: Innleiingar av Finn Kristoffersen (rådmann i Odda) og Karl Ystanes (redaksjonssekretær i Hardanger Folkeblad). I panelet: Marit Aksnes Aase (ordførar i Samnanger), Siri Meling(fyrste nestleiar i energi- og miljøkomiteen på Stortinget), Harald Grande (administrerande dikrektør Eramet, Tyssedal) og Karsten Bremnes (administrerande direktør i Tyssefaldene, Tyssedal).

Møtet var eit samarbeidstiltak med Odda kommune. Radio Folgefonn hadde direktesending frå møtet.

Målprisen 2011:

Arne Tokheim fekk prisen, som er eit trykk av Solfrid Aksnes.

Andre påskjøningar:

Påskjøning til dugande elev på Odda vidaregåande skule:

Randi Opheim fekk prisen på 2 500,-kr.

Påskjøning til ungdommar i samband med Litteratursymposiet.

Prisane på høvesvis 3000,-kr og 2000,-kr gjekk til Anna Børve og Cecilie Fredheim.

Boka »Vandring i gammal og ny tid. Veg- og stadnamn i Odda», skriven av Norvald Vethe, er gjeven til nye journalistar i Hardanger Folkeblad. Erik Bjørkevoll fekk boka «På godt norsk» av Magne Rommetveit. Gåva var ei påskjøning for ein tekst han skreiv i Hardanger Folkeblad om NTNU-studenten Bård Stana.

Odda i manns minne:

I skriftstyret: Harry Solberg, Kristen D. Eitrheim, Ingvild Jøsendal og Harald Jordal.

Opplaget var på 1500 og er på det næraste utselt. Tre laurdagar selde mållagsmedlemmer heftet på Sørkjordsenteret.

Nynorsk i skulen:

66,4 % av elevane i grunnskulen i Odda har nynorsk opplæringsmål. Framfor innskrivinga hadde Odda Mållag lysingar i Hardanger Folkeblad.

Utsendingar på møte:

Årsmøtet i Hordaland Mållag: Solveig Grønlien. Solveig Grønlien er nestleiar i Hordaland Mållag.

Landsmøtet i Noregs Mållag, Suldal 08.-10.04.11: Gry Folkvord, Ingvild Jøsendal, Solveig Grønlien og Knut O. Dale. Solveig Grønlien møtte for Hordaland Mållag.

Møte om den nye rettskrivinga, Voss 15.10.11: Ingvild Jøsendal, Solveig Grønlien og Knut O. Dale.

Landsseminar, Lista 29.-30.10.11: Solveig Grønlien og Knut O. Dale

Økonomien:

Marit Mannsåker Bleie har vore kasserar.

Inntektene i 2011 var kr 230 929,15 og utgiftene var kr 258 962,18.

I rekneskapsåret løyvde Odda Mållag 50 000,-kr til Litteraturhuset Bokbadet.

Etterord:

På styremøta har me hatt innleiingar av Harald Jordal (om språkleg hegemoni og marknadsføring), Leif Øie (om presentering og marknadsføring via nye plattformer), Ivar Nistad (om lokalkringkasting), Lene Nylund (om målbruk i førskulen) og Anne Ma Eidhammer (om nynorsken sin plass i skulen, og særleg i opplæringa for innvandrarar). Med på Eidhammer-møtet 21.11.11 var styret i Ullensvang Mållag.

Innleiingane viste at det er mange oppgåver å ta fatt i, og særleg gjeld det i skulen. Men også i nærings- og i forretningslivet, er utfordringane mange og store.

Siktemålet med elkraftmøtet var å visa at me som målfolk ikkje treng å stå med hua i handa når me bed om midlar til å halda oppe gode rammevilkår for nynorskbrukarane. For det er stor midlar som vert overførde frå nynorskområda til storsamfunnet ( frå periferi til sentrum).

Odda 06.02.12

Styret i Odda Mållag